Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 21.02.2024
Vår ref: 2023/19135
Dykkar dato: 20.12.2023
Dykkar ref:

ARIEL EIENDOM AS
Postboks 310
6701 MÅLØY

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sondre Kaastad Sørsdal, 5557 2304

Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø utanfor gnr/bnr 315/299 i Kinn kommune for Ariel Eiendom AS

Statsforvaltaren gir Ariel Eiendom AS løyve til utfylling av ca. 320 000 m³ i Måløy i Kinn kommune. Formålet med tiltaket er å fremje aktivitet og styrke næringslivet i Måløy sentrum.

Utfyllingsområdet skal dekkast til med duk og sand før utfylling. Masser frå bygging av Stad skipstunnel er planlagt brukt til utfylling.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11 – jamfør forureiningsforskrifta § 22-6

Vi viser til søknad datert 20. desember 2023.

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling av steinmassar i sjø frå lekter utanfor gnr/bnr 315/299 i Kinn kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11 – jamfør forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet

Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Statsforvaltaren sendte 12. februar 2024 varsel om gebyr tilhøyrande sats 7, på 19 500 kroner. På bakgrunn av

Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 38 900 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Om tiltaket

Ariel Eiendom AS ønsker å leggje til rette for bruk av nytt areal på «Sentrumstomta» i Måløy med tiltak og ny bygningsmasse som kan fremje aktivitet og styrke næringslivet i sentrum. Prosjektet er ei videre utvikling av tidlegare planer og føreset m.a. utfylling i sjø med masser frå bygging av Stad Skipstunnel. Store deler av sjøområdet utanfor Sentrumstomta er allereie i fleire omgangar og gjennom mange år utfylt med steinmassar.

Figur 1. Planskisse for utfylling (grønt areal) med eksisterande fyllingsfot (lilla linje) og ny fyllingsfot (grå)

Utfylling av nye steinmassar utanfor eksisterande fyllingsfot, dvs. steinmassar som vil dekke nytt «urørt» areal i sjø, er rekna til om lag 17 000 m^2, med eit volum på 320 000 m^3. Utfyllingsmassane skal hentast frå Stad skipstunnel, og eventuelt frå massar frå ny skuletomt for Skram skule. Utfyllinga vil innehalde rein skotstein og reine steinmassar. Det er planlagt at steinmassen frå Stad Skipstunnel vert lasta på lekter og frakta til staden for plassering.

Store delar av planområdet er opparbeidd med etablert fylling i sjø, der landareal består av steinmassar utan vegetasjon. For område i sjø er store delar av havbotn påverka av tidlegare utfyllingar.

Det vart i 2019 gjennomført analyser av sjøbotnen i tiltaksområdet. Det er påvist høgast miljørisiko tilknytt uønskt spreiing av miljøgifter ved oppvirvling av forureina finstoff i botnsediment. Analysane viser at det er lite fintstoff i sedimenta - svært lite leire (< 1 % i snitt), litt meir silt (≈ 10 %), og resten er grovare partiklar. Prøver av sjøbotnen viser at sedimenta er forureina iht. Miljødirektoratet sin rettleiar M-608[1] med TBT i tilstandsklasse 5 og ulike PAH-stoffar i tilstandsklasse 3 og 4.

[1] Miljødirektoratet M-608 «Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota»

Planlagt avbøtande tiltak for å redusere fare for spreiing av partiklar er tildekking av botn i utfyllingsområdet med duk og sand i god tid før utfylling. Planlagt tidsperiode for gjennomføring av tiltaket vil avhenge av oppstart for bygging av Stad skipstunnel.

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Fiskarlaget Vest, Kinn kommune og Fiskeridirektoratet. Frist for å gje uttale var 26. januar 2024. Vi fekk følgande høyringsutsegn:

Kinn kommune (26. januar 2024)

Plan og miljøutvalet (PMUV) i Kinn kommune har den 19. desember 2023 gitt mellombels dispensasjon og rammeløyve, jf. plan- og bygningslova §§ 19-3 og 21-4, for utfylling i sjø. Kinn kommune vurderer altså at løyve, med midlertidig dispensasjon, vil vere i tråd med reguleringsplan (planID 20220101). Denne planen vil bli endeleg godkjent i februar/mars.

Fiskeridirektoratet (19. januar 2024)

Attgjeving av uttale:

«Fiskeridirektoratet sin rolle

Fiskeridirektoratet skal ivareta marine ressursar og marint miljø samt bidra til at fiskeri- og akvakulturnæringa får gode rammevilkår. Vi har på denne bakgrunn vurdert det aktuelle tiltaket ut i frå fiskeri- og akvakulturinteresser, deriblant omsynet til marint biologisk mangfald.

Fiskeri- og akvakulturinteresser

Fiskeridirektoratet har over tid registrert kystnære fiskeridata (bruks- og ressursområder for fiskeriinteressene). Registrerte områder kan sjåast i kartverktøyet vårt Yggdrasil. Kartløysinga inneheld også data om akvakultur og marint biologisk mangfald.

Det er fleire registreringar av tareskog i sjøområda utanfor Måløytomta, og AIS-spor med sluttseddeldata tilgjengeleg for Fiskeridirektoratet syner at det går føre seg fiskeriaktivitet i sjøområda, mellom anna taretråling. Aust for Måløytomta ligg Måløy fiskerihamn og utanfor Måløybrua er det registrert fiske med passive og aktive fiskereiskap, samt gytefelt for torsk. Det er ikkje registrert akvakulturanlegg i nærleiken av tiltaksområdet.

Vår vurdering

I samband med arbeidet ved Måløytomta har Stim tatt føre seg ein sedimentundersøking i området. Resultat frå målingane syner miljøgifter som TBT og PAH. Som avbøtande tiltak er det føreslege følgjande tiltak: «Dersom botnsediment i god tid før utfylling med sprengstein blir tildekka med duk – som avbøtande tiltak – tilseier analysa at den forventa miljørisiko ved tiltaket blir vesentleg redusert, og at influensområdet truleg ikkje vil blir påverka ved spreiing av miljøgifter». Fiskeridirektoratet ser positivt på dette avbøtande tiltaket. Vidare har Stim funne at mengd finstoff på sjøbotn er lav slik at utfyllinga ikkje vil føre til vesentleg spreiing av finpartikulært material til omgjevnadene. Vi forventar likevel at utfyllinga skjer så skånsamt som mogleg for å hindre nedslamming av viktige naturtypar som tareskogen i området. Gytefeltet på austsida av Måløybrua er truleg såpass skjerma frå utfyllingsområdet at vi vurderer det som lite sannsynleg at utfyllinga vil ha nokon vesentleg negativ effekt på gytande fisk og yngel.

I søknaden er det skildra at sprengstein kan ha plast i seg. Vi forventar at tiltakshavar har ein plan for å unngå unødig spreiing av plast. Eventuelle plastfibre ein observerer under arbeidet skal samlast opp.
Det går føre seg fiskeriaktivitet i området, og Fiskeridirektoratet meiner tiltakshavar må koordinere arbeidet med lokalt fiskarlag for å unngå konflikt med utøving av fiske. Dette er særleg viktig dersom det i anleggsperioden vil vere mykje båttrafikk i samband med utfyllinga.

Fiskeridirektoratet ber om at følgjande vert sett som vilkår i eit eventuelt løyve: Tiltakshavar må nytte nødvendige avbøtande tiltak for å hindre forureining, unødig spreiing av miljøgifter, plastfibre, partiklar mm. Arbeidet med utfylling skal koordinerast med lokalt fiskarlag.»

Bergens Sjøfartsmuseum (29. desember 2023)

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gnr./bnr. 315/299 i Kinn kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde tiltaket, men gjer merksam på den generelle plikten etter kulturminnelova (Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne) om stans i arbeid og varsling til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Møte med Kystverket 15. februar 2024

Kystverket skal levere sprengstein frå arbeid med Stad skipstunnel til fleire aktørar basert på ein kontrakt. Kystverket sine entreprenørar skal levere sprengstein med lekter til aktuelle mottak, og der skal steinen i utgangspunktet leverast på land. Kystverket er difor ikkje ansvarleg for utlegging, dumping, eller plassering av steinmassane i sjøen, og eventuelle fare for forureining og negativ påverknad, etter at massane er levert til mottakar.

Rettsleg grunngjeving for løyve

Forureiningslova

Utfylling i sjø frå lekter krev løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6. Dette tiltaket vil også krevje løyve etter forureiningslova § 11 dersom utfylling skjer frå land på grunn av størrelsen på utfyllinga. Statsforvaltaren er forureiningsstyremakt for anleggsarbeid i sjø. Vi legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 «Handtering av sedimenter» for vår avgjerd. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og krav i vassforskrifta er lagt til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga etter forureiningsforskrifta.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta innehelder forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslovverket dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Kinn kommune har skrive at tiltaket vil vere i tråd med reguleringsplan (planID 20220101), som vil bli endeleg godkjent i februar/mars. Det vert likevel presisert at eit eventuelt løyve etter forureiningslova ikkje er einstydande med at utfyllinga også vert godkjent etter plan- og bygningslova eller hamne- og farvasslova.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løye etter forureiningsforskrifta.

Grunngjeving for valde vilkår og krav

Utfylling i sjø vil kunne medføre spreiing av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar. Det kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggande sjøareal, og partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr, og marint naturmiljø. Som nemnt i søknaden er det ikkje registrert naturmangfaldverdiar (verneområde, naturtypar, raudlisteartar) i området eller nært tilknyting til planområdet i kartportalar som Naturbase, Artskart, Fylkesatlas m.fl, men det er registrert større tareskogførekomstar ca. 500 meter nord for tiltaket. Tareskog og ålegras-eng er viktige biotopar som oppvekstområde for torskeyngel og andre fiskeslag. Det er lite finstoff i utfyllingsområdet, men analyse av sjøbotnen viser at sedimenta er forureina med TBT og ulike PAH-stoffar. Overskridingane tilhøyrar miljøtilstand III og IV. For TBT er alle prøvane i miljøstilstand V. Det største faren for forureining og negativ påverknad for tiltaket er spreiing av finstoff og oppvirvling og spreiing av forureina sediment.

Det vil være mellombelse effektar på områda rundt utfyllinga, særleg i anleggsperioden. Utfylling av masser i sjø vil føre til oppvirvling av finpartikulært materiale som kan verte spreidd i eit større område. Partikkelspreiing og spreiing av forureina sediment utgjer størst risiko for naturmangfald og fiskeriinteresser, og det stilles derfor krav til partikkelspreiing ut frå utfyllingsområdet.

For å redusere forureining og negativ påverknad skal utfyllingsområdet dekkast til med duk og sand for å forhindre spreiing av forureina sediment. Fiskeridirektoratet er positive til dette føreslegne avbøtande tiltaket. Dei skriv at gytefeltet på austsida av Måløybrua truleg er såpass skjerma frå utfyllingsområdet at det er lite sannsynleg at utfyllinga vil ha nokon vesentleg negativ effekt på gytande fisk og yngel. Fiskeridirektoratet ønsker at tiltakshavar sine føreslegne avbøtande tiltak setjast som vilkår i løyvet.

Ved tildekking med duk og sand blir faren for forureining og negativ påverknad som følgje av utfyllinga verte redusert. Statsforvaltaren er einig med søkjars føreslegne avbøtande tiltak, og setter vilkår om tildekking.

Tiltakshavar meiner at sidan sprengstein brukt til utfylling kjem frå sprenging av Stad skipstunnel, og sidan steinen vil bli levert og plassert i sjø via lekter, vil det vere vanskeleg for mottakar av steinen, Ariel Eiendom AS, å reinplukke steinen for plastkomponentar før utfylling i sjø. I Kystverket sitt løyve etter forureiningslova, løyvenummer 2023.0691.T, er det gjeve vilkår om bruk av elektroniske tennarar i sprengingsarbeidet, men Kystverkets ansvar for steinmassane blir oppheva når steinmassane blir motteken av Ariel Eiendom AS. Fare for forureining og negativ påverknad som følgje at utfyllingstiltaket, spreiing av plast, spreiing av partiklar frå sprengstein og oppvirvling av forureina sediment, er det Ariel Eiendom AS ansvarlege for som eigar av dette løyvet.

Slik som det står i søknaden: «*Som tiltakshaver for Stadt Skipstunnell bør ein forvente at Kystverket har plast-ureining i fokus - med særskilte krav til entreprenør, slik at sprengstein som blir levert til ulike utfyllingstiltak i området nord og sør for Stad vil bestå av ikkje-ureina masser*» opphevar ikkje ansvaret til Ariel Eiendom AS. Steinmassar frå Stad skipstunnel skal etter Kystverkets plan bli plassert på land ved utfyllingsområdet. Dersom det vert inngått ein avtale mellom Ariel Eiendom AS og entreprenør som leverer sprengstein om at massane skal plasserast direkte frå lekter til sjø, er det Ariel Eiendom AS som er ansvarleg for steinmassane og tilhøyrande kontroll av utfyllingsmassar, irekna spreiing av plast, jf. vilkår 4.3 og 6.3 i dette løyvet. Statsforvaltaren meiner Ariel Eiendom AS er ansvarleg for at arbeid i sammeheng med tiltaket stettar vilkår i dette løyvet. Kystverket og deira entreprenør er i dette tilfellet "leverandør" av sprengstein, og Ariel Eiendom AS som er ansvarleg for utfylling av massane.

Miljødirektoratet sitt faktaark M-1085|20186 seier at sprengsteinsmassar normalt inneheld store mengder med plast, i form av plastarmering, skyteleidningar, og fôringsrøyr. Ved bruk av elektroniske tennsystem kan plastforbruket bli redusert med opptil 30 prosent. Dei elektroniske leidningane søkk, og vil bli liggande inne i fyllinga. Miljødirektoratet vurderer det som akseptabelt at det inntil vidare finnes noko plast inne i utfyllingsmassane.

Viss det skal fyllast med annan sprengstein som ikkje kjem frå Stad skipstunnel, setter Statsforvaltaren vilkår for å avgrense tilførsel av plastavfall til naturen, jf. vilkår 6.3 basert på faktaark M-1805|2018, og vilkår for kontroll av utfyllingsmassar, jf. vilkår 4.2. Statsforvaltaren skal haldast orientert om eventuelle nye leverandørar av utfyllingsmasser, der informasjon om massane vert sendt oss før utfylling skjer.

Tiltakets avgrensa omfang, varigheit, og avbøtande tiltak gjer at Statsforvaltaren vurderer risikoen for naturmiljøet når det kjem til spreiing av partiklar som akseptabelt.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

I samband med utarbeiding av søknad om løyve etter forureiningslova er det henta inn informasjon om moglege forureiningskjelder i området og det er henta inn informasjon om viktige natur- og fiskeriinteresser i området frå databasar via Kystinfo.no.

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak. Dersom det er naudsynt med driftsstans på anlegget for å unngå uakseptabel grad av forureining som følgje av anleggsverksemda, vil denne meirkostnaden også reknast som i samsvar med NML § 11. Vi krev også at det skal nyttast dei beste mogleg tekniske løysingane som ut frå ei kost/nytte-vurdering gjev best mogleg resultat for miljøet, jf. NML § 12. Elles viser vi til våre vurderingar og grunngjevingar ovanfor under punktet kalla *Grunngjeving for valde vilkår og krav.*

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Endring og omgjering

Vi vil påpeke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjord. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1	Løyvets vilkår

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
STIFTELSEN MUSEUM VEST	Lyngneset 4A	5302	STRUSSHAMN
KINN KOMMUNE	Postboks 294	6701	MÅLØY
IVEST CONSULT AS	Strandgata 10	6905	FLORØ

Statsforvaltaren i Vestland

Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø utanfor gnr/bnr 315/299 i Kinn kommune for Ariel Eiendom AS

Statsforvaltaren gir Ariel Eiendom AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 20. desember 2023 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventa oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og ev. behov for endra avbøtande tiltak . Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	ARIEL EIENDOM AS
Postadresse	Postboks 310, 6701 Måløy
Kommune og fylke	Kinn, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigd av	979 312 725 tilhøyrar 979 128 304

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2024.0165.T	4602.0289.01	2023/19135

Løyve gitt første gong: 21. februar 2024	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Sissel Storebø seksjonsleiar	Sondre Kaastad Sørsdal rådgjevar	

Dokumentet er godkjent elektronisk

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar

Innhald

1 Rammevilkår 3
1.1 Omfang 3
1.2 Varsel om oppstart 3
2 Generelle vilkår 3
2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg 3
2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald 3
2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare 3
2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida 3
2.5 Ansvar 4
2.6 Erstatningsansvar 4
2.7 Kulturminne i sjø 4
2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk 4
3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining 4
3.1 Internkontroll 4
3.2 Beredskapsplan 5
3.3 Varsling om akutt forureining 5
4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø 5
4.1 Generelt 5
4.2 Kontroll av utfyllingsmassar 5
4.3 Tildekking med duk og sand 5
5 Kontroll- og overvaking 5
5.1 Plan for kontroll og overvaking 5
6 Avfall 6
6.1 Generelle krav 6
6.2 Handtering av farleg avfall 6
6.3 Plast 6
7 Rapportering og dokumentasjon 6
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall. 7
8 Tilsyn 7

1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling i sjø utanfor gnr./bnr. 315/299, Sentrumstomta i Måløy i Kinn kommune.

Tiltaket i sjø omfattar utfylling av over eit areal på ca. 17 000 m^2 med eit volum på ca. 320 000 m^3. Arbeida vil skje frå land eller frå lekter.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 20. desember 2023 og tilleggsopplysningar i saka med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utførd i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet fritek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta[1]. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova[2] og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

---

[1] Systematisk helse -, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)

[2] Produktkontrollova av 11.06.1979 nr 79

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast på sfvlpost@statsforvaltaren.no.

4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer spreiing av partiklar og tilslamming av vassmassane. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

4.2 Kontroll av utfyllingsmassar

Masser som skal nyttast til utfylling er planlagt henta frå Kystverkets prosjekt Stad Skipstunnel. I prosjektet skal det nyttast elektroniske tennarar til sprenging. Sprengsteinen som skal nyttast til utfylling vil difor innehalde plastrestar frå det elektroniske tennsystemet.

Dersom massane til utfyllinga ikkje kjem frå Stad Skipstunnel, skal det nyttast mest mogeleg reine massar. Massane skal være egna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Statsforvaltaren skal haldast orientert om eventuelle nye leverandørar av utfyllingsmasser, der informasjon om massane vert sendt oss før utfylling skjer.

4.3 Tildekking med duk og sand

Ved fylling i sjø skal sjøbotnen dekkast til med duk, som skal bli stabilisert/dekka til med sand, før plassering av steinmassar for å hindre/minimalisere spreiing av miljøgifter og partiklar. Tildekkinga er omtalt i søknadens vedlegg[3]. Vi krev at det vert utarbeida ein detaljert plan for utføring av tiltaket som vert sendt oss før tildekking vert utført, saman med plan for kontroll og overvaking, jf. vilkår 5.1.

[3] Miljørisikonalyse ved utfylling - Framlegg til risikoreduserande og avbøtande tiltak Plan for overvaking og rapportering – STIM AS – 27.07.2022

5 Kontroll- og overvaking

5.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvakingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreiing av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreiing av partiklar og plast. Kontroll- og overvakingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvakingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard. Den ferdige kontroll- og overvakingsplanen sendes til Statsforvaltaren i forkant av anleggsstart.

6 Avfall

6.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

6.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast videre til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarering.no.

6.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvakingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark[4] M-1085|2018 kan nyttast som ein rettleier.

[4] Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018

7 Rapportering og dokumentasjon

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 8 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaka
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

8 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.